



Det kongelige kunnskapsdepartement

Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Vår dato: 22.02.2011

Vår ref.: 2010/566

Dykkar dato: 19.11.2010

Dykkar ref.:

Sakshandsamar :JK

23 FEB 2011
201005790-45

Høyring - tiltak for å redusere talet på mellombelse tilsetjingar

Innleiing

Høgskulen i Volda støttar rapporten frå arbeidsgruppa i at den faglege aktiviteten må vere styrande for korleis UH-sektoren organiserer verksemda si. Arbeidsgjevar sitt behov for fleksibilitet er viktig, men samstundes må ein og leggje vekt på stabilitet og kontinuitet.

UH-sektoren har lang kultur og praksis for ein liberal permisjonspolitikk, samt gode ordningar for frikjøp for å forske. Fleire av forslaga i rapporten vil føre til nye situasjonar og dilemma. Desse problemstillingane er godt drøfta i rapporten, men det er vanskeleg å gi tydelege svar i alle situasjonar: Det handlar mykje om balansera mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar sine interesser. Det vil også ta tid å endre ein innarbeidd kultur.

Dei ulike framlegga

Tiltak som institusjonane sjølv bør setje i verk (5.1)

Høgskulen i Volda støtter intensjonane i framlegga i punkt 5.1 a til d, samt f både når det gjeld gjennomgang av status og vurdering av eksisterande mellombels tilsette. Det er viktig å arbeide førebyggjande. Både systematiske oversyn og drøftingar med tillitsvalde er gode tiltak. Vi støtter også behovet for opplæring. Det vil vere konstruktivt om Kunnskapsdepartementet i dialog med sektoren kan bidra til førebyggjande arbeid og omgreps-/regelavklaringar for institusjonane. Planlegging på lang sikt er viktig, og tildelingar av nye studieplassar bør kome i ordinært statsbudsjett. Dette vil gi grunnlag for betre verksemdplanlegging.

Tiltak 5.1 e om fast tilsetjing av forskarar på eksternt finansierte prosjekt: her støtter Høgskulen i Volda framlegget frå fleirtalet om at denne gruppa arbeidstakarar ikkje skal omfattast av fortrinnsrett til anna stilling ved eventuell oppseiing.

Tiltak som departementet bør setje i verk (5.2)

Vi meiner det er god dialog med fagforeiningane lokalt og stiller spørsmål om det er nødvendig med eit pålegg om gjennomføring av årleg revisjon.

Tiltak som krev endringar i lov eller forskrift (5.3)

Høgskulen i Volda støtter framlegga b, c, e, f og g. Når det gjeld tiltak a er det klart at tiltak som endring i tenestemannslova § 3 nr 2 vil gi stor effekt, men vi vil likevel framheve at det vil vere fornuftig å setje i verk andre tiltak for å redusere mellombels tilsetjing før ein går til eit så radikalt skritt. I tiltak d støtter vi fleirtalet i at forskarar som i hovudregel blir tilsett fast på eksternt finansierte


prosjekt som varar over fire år ikkje skal omfattast av fortrinnsrett til anna stilling ved eventuell oppseiing.

Andre forslag (5.4)

Tiltak a: Høgskulen i Volda støtter framlegget frå fleirtalet i at tilsettingsperiodar som er ein del av forskarutdanninga ikkje skal reknast ved utrekning av tenestetid.

Høgskulen i Volda støtter tiltak b og c.

Med helsing ↘



Jacob Kjode jr.
Høgskuledirektør